

Saksliste

Samarbeidsutvalsmøte Solsida vår 2026

Møtedato	24.02.2026 kl 17:00-18:30	Møtestad	Solsida Haugum, Stranda 12
-----------------	---------------------------	-----------------	----------------------------

Representerer	Representantar	Vara
Foreldre Haugum	Anton Triastcin (Leiar SU)	Martin Skei Bakketun
Foreldre Toene	Martita Vindheim Johnsen	Stine Solvik
Foreldre Toene	Linnea Eimhjellen	Gunhild Sandal
Personal Haugum	Svanhild Friborg	Magdalena E Januszkiewicz
Personal Toene	Marius Moe	Hildegunn Raftevoll
Personal Toene	Erna Nordheim	Andrine Haaland Ness
Representant Eigar	Silja Juklestad	

Sak	Sakstittel
1	Velkomen, presentasjon
2	Gjennomgang av referat frå sist møte
3	Orientering om sjukefråvær, permisjonar og opptak.
4	Oppgåvene til Samarbeidsutvalet knytt til sommarfest, 17.mai og dugnad Anton bar fana i 2025, tek gjerne jobben igjen. Avslutning/sommarfest på Haugum (Svanhild og Anton set dato når det nærmar seg). Sommarfest på Toene, Marita og Erna set dato og lagar matliste. Barnehagen lagar betasuppe, i tillegg. Dugnad på Toene. Personalet må sei noko om kva som skal gjerast. Marius og Gunhild dugnadsansvarleg.
5	Årsplan skal oppdaterast i 2026. Kom med innspel!
6	Nye vedtekter. Ferie. Frist for å melde inn ferie er 1. april. Elin må sende ut påminning i slutten av mars. Når vi veit kor mykje barn vi har på Toene og Haugum, kan vi vurdere om barn skal flytte til Toene før nytt barnehageår.
7	Dialogduk – kva vert viktig i prosessen med avvikling av Solsida Haugum

Korleis påverkar dette barnehagemiljøet • Barna kan bli usikker på kva som skjer • Personal slutta • Barna endring, mistar venna. Nokre barn er meir sensitive. • Positivt for miljøet på Toene at Haugum kjem ned med sin kompetanse. • Viktig for Haugum barna at dei får med sine voksne. • Korleis blir det med dei på Haugum, skal dei flyttast samla eller spreia. • Usikkerheit, for barna, sette dei i lag, saman med kjent personal. • Kipt for Haugum at dei blir delt og splitta. Usikker periode. • Brutte vennskap og relasjonar. • Større miljø på Toene, på godt og vondt.	Korleis kan foreldre bidra til å forebygge negative konsekvensar • Snakke positivt om det som skal skje • Besøke barnehage i helgane, leike på leikeplassen, snakke om • Barnehagebesøk på ettermiddag? • Viktig at Toene foreldra og personal førebur dei ungane som alt er der på at dei skal inkludere dei nye.
Korleis kan personalet forebygge /handtere negative konsekvensar • Førebu ungane på Toene på at dei skal få nye venna. • Legge opp til aktivitar som kreve samarbeid på tvers. • Personalkabalen og barnegruppa blir satt tidleg	Korleis kan vi samarbeide for å gjere prosessen så god som mogeleg • Snakke saman